
Koronakrisa ramma ulikt på arbeidsmarknaden

© NAV oktober 2021

EIER

Arbeids- og velferdsdirektoratet
Postboks 5, St. Olavs plass
0130 Oslo

Rapporten er tilgjengelig på www.nav.no/analyser

ISBN: 978-82-551-2523-5

ISSN: 2703-8823

KORONAKRISA RAMMA ULIKT PÅ ARBEIDSMARKNADEN

Av Kristian Harald Myklathun

Sammendrag

I dette notatet belyser me tre ulike aspekt ved situasjonen til dei som vart arbeidslause i starten av koronapandemien: tilknytning til arbeidslivet, bytte av jobb og situasjonen til dei permitterte.

Me finner at dei fleste kom raskt tilbake i arbeid. 84 prosent hadde minst éin månad der dei var heilt tilbake i arbeid i løpet av det påfølgjande året, og det tok i snitt 3,3 månader før dei var tilbake.

Enkelte grupper kom likevel dårlegare ut enn andre. Personar med bakgrunn frå reiseliv og transport kom særskilt dårleg ut, det same gjelder personar busett i Oslo og Viken. Personar med låg inntekt hadde færre månader med arbeid etter at dei mista jobben. Dette gjelder også personar som ikkje har utdanning utover grunnskulenivå. Det er derimot ikkje så store skilnader mellom dei som har utdanning på vidaregåande nivå og dei med høgare utdanning. Norskfødde hadde fleire månader i arbeid etter at dei mista jobben enn dei som var fødd i andre land, og færrest månader i arbeid hadde dei fødd i afrikanske land. Dette er konsistent med tidlegare funn som er gjort med andre mål på arbeid, eller over ein litt kortare tidsperiode.

Av dei som vart permitterte var tre av fire heilt eller delvis tilbake i arbeid allereie etter éin månad. Også blant dei ordinært (ikkje permittert) heilt arbeidslause var mange raskt tilbake, og over halvparten av desse var tilbake i arbeid etter éin månad.

I løpet av det fyrste året etter at dei vart arbeidslause var 29 prosent registrert med ein annan arbeidsgjevar i minst éin månad. Personar med bakgrunn frå barne- og ungdomsarbeid bytta i størst grad hovudarbeidsgjevar i perioden, medan personar med leiarbakgrunn i minst grad bytta hovudarbeidsgjevar.

Innleiing

Føremålet med dette notatet er å utvide kunnskapsgrunnlaget om dei mange som vart permittert eller mista jobben i den fyrste fasen av koronapandemien. Me tek utgangspunkt i eit datasett som inkluderer alle som registrerte seg som arbeidslause hjå NAV i løpet av mars og april 2020, og som ikkje var registrert som arbeidslaus i januar eller februar. Me følgjer denne gruppa gjennom året etter at dei mista jobben, og ser på ulike tema som belyser tilknytninga deira til arbeidslivet i perioden.

Me nyttar dette datasettet til å belyse tre ulike aspekt: tilknytning til arbeidslivet, bytte av jobb og situasjonen til dei permitterte.

Tilknytning til arbeidslivet blir målt på tre ulike vis. Me ser på kor lenge den fyrste arbeidsløseperioden varte, kor mange månader med arbeid personane har det fyrste året etter dei vart arbeidslause, og korleis det går med dei etter eitt år.

Me ser også på bytte av arbeidsgjevar. Me undersøke kor mange som var registrert med ein annan arbeidsgjevar enn før dei vart arbeidslause, og kor mange som etter eitt år var registrert med den same arbeidsgjevaren som før.

Permitterte har ein nærare tilknytning til arbeidslivet enn dei som vert ordinært (altså ikkje-permittert) arbeidslause. Det er difor interessant å sjå nærare på kven som vart permittert heller enn ordinært arbeidslaus i den aktuelle perioden. I tillegg ser me på kor mange som vart permittert fleire gonger.

Bakgrunn

Det er skrive mykje om koronapandemien sine konsekvensar for arbeidsmarknaden. Særskild relevant litteratur i denne samanhengen er Furuberg (2021), Bratsberg mfl. (2021), Bratsberg mfl. (2020) og Gjerde mfl. (2021). Omtale av dei to førstnemnde er henta frå Gjerde mfl. (2021), som er ein parallell analyse av same tema:

«Furuberg (2021) viser at det i løpet av fyrste halvår 2020 totalt vart registrert 468 000 nye arbeidssøklarar hos NAV, og berre i mars 2020 vart det registrert

316 000. Til samanlikning vart det i løpet av fyrste halvår 2019 registrert 86 000 nye arbeidssøklarar. Ei stor endring samanlikna med tidlegare år var også kor mange av dei ledige som var permitterte. 72 prosent av dei nye arbeidssøklarane i fyrste halvår 2020 var permitterte, mot 5 prosent i 2019 (Furuberg 2021). Samtidig viser Furuberg at 73 prosent av dei som vart registrert som arbeidssøklarar i fyrste halvår 2020, ikkje lenger var registrert etter 5 månader. Dette er ein høgare del en normalt, noko som kjem av at mange permitterte var tilbake i arbeid etter relativt kort tid. Andelen som ikkje lenger var arbeidssøklarar var særleg høg blant dei som vart ledige i mars og april, medan dei som vart ledige like før krisa i langt større grad enn året før blei verande ledige.

Bratsberg mfl. (2021) ser på utviklinga i avtalt arbeidstid gjennom 2020. Som Furuberg finn også dei at krisa særleg råka dei som alt var utan arbeid då krisa kom. Vidare finn dei at arbeidstida fall mest for unge, lågt utdanna, innvandrar frå nye EU-land og låginntektsland (Afrika, Asia mv.), samt personar som hadde låg inntekt i utgangspunktet.»


I Gjerde mfl. (2021) identifiserer ein ved hjelp av sekvensanalyse ei rekkje typiske løpebaner på bakgrunn av det same datasettet som er nytta i dette notatet. Fordelen med den framgangsmåten er at ein kan sjå alle enkeltstatusane i samanheng, og gruppere personane ut frå eit samla forløpsbilete. Dei finner at dei aller fleste var raskt tilbake i arbeid, men at det også er ei stor gruppe som følgjer løpebaner som er prega av meir varierte utfall og lausare tilknytning til arbeidslivet.

Leiarar vart oftare permittert heller enn ordinært arbeidslaus

Dei aller fleste som mista jobben i den fyrste koronanedstenginga vart permittert (77 prosent), heller enn ordinært arbeidslaus (23 prosent). Prosentdelen som var permittert i fyrste periode som arbeidslaus var lågast blant dei som har yrkesbakgrunn frå barne- og ungdomsarbeid, med 42 prosent, medan delen som vart permittert heller enn ordinært arbeidslaus var høgst for dei med yrkesbakgrunn som leiar, med 86 prosent.


Permitteringsandelen auka med alder, med unntak av den eldste aldersgruppa. Blant dei under 20 vart

Figur 1. Andel som vart permittert/ordinært arbeidslaus i fyrste periode som arbeidslaus, fordelt på yrkesbakgrunn. Personar som vart arbeidslause i mars/april 2020.



Kjelde: NAV

Figur 2. Andel som vart permittert/ordinært arbeidslaus i fyrste periode som arbeidslaus, fordelt på alder. Personar som vart arbeidslause i mars/april 2020.



Kjelde: NAV

63 prosent permittert, medan 37 prosent vart ordinært arbeidslause. Den største permitteringsandelen hadde personar i 40- og 50-åra. 80 prosent av dei som mista jobben i denne aldersgruppa vart permittert, medan 20 prosent vart ordinært arbeidslause.

Enkelte vart permittert fleire gonger

Dei fleste av dei som vart arbeidslause i mars og april i 2020 vart permittert heller enn ordinært arbeidslaus. Berre 18 prosent av dei som vart arbeidslause i starten av koronapandemien var ikkje permittert i det heile i løpet av det fyrste året. 70 prosent hadde éin samanhengande permitteringsperiode.¹

Enkelte var registrert med fleire separate permitteringsperiodar, altså at dei har minst éin månad som ikkje-permittert mellom to periodar som permittert. Om lag 41 600 personar, eller 11 prosent av dei som vart arbeidslause i starten av pandemien, opplevde to separate periodar som permittert. 3 400 personar hadde tre separate permitteringsperiodar i perioden me ser på, og om lag 100 personar hadde fire separate periodar som permittert i løpet av det fyrste året etter at dei vart arbeidslause. Om lag ein tredjedel av alle som hadde meir enn éin periode som permittert hadde yrkesbakgrunn frå reiseliv og transport, og om lag ein fjerdedel var busett i Oslo eller Viken.

Tabell 1. Tal på separate permitteringsperiodar. Tal på personar og del av populasjonen. Personar som vart arbeidslause i mars/april 2020.

	0	1	2	3	4
Tal på personar	67 400	261 300	41 600	3 400	100
Andel (%)	18,0	69,9	11,1	0,9	0,0

Kjelde: NAV

Dei fleste kom raskt tilbake i arbeid

Dei aller fleste som vart arbeidslause i starten av koronapandemien kom raskt heilt tilbake i arbeid. I løpet av det påfølgjande året hadde 84 prosent minst éin månad der dei var registrert som heilt tilbake i arbeid.

I gjennomsnitt tok det 3,3 månader før dei vart registrert med denne statusen for fyrste gong.²

Dei aller fleste som kom heilt tilbake i arbeid i løpet av året, kom tilbake i løpet av dei fyrste tre månadane etter at dei mista jobben. Talet på personar som kom heilt tilbake i arbeid minkar markert etter fire månader, og heldt fram med å minke ut perioden. Dette må sjåast i samheng med at det var ei auke i koronasmitte rundt dette tidspunktet.

Om lag 16 prosent er ikkje registrert som heilt tilbake i arbeid i nokon av månadene det påfølgjande året etter at dei mista jobben.

Allereie den fyrste månaden etter at dei vart arbeidslause var det ein kraftig reduksjon i talet på både permitterte og ikkje-permitterte heilt arbeidslause. Somme av desse gjekk over til å bli delvis arbeidslause, men mange gjekk tilbake i arbeid. Etter om lag eit halvt år stabiliserer situasjonen seg for denne gruppa, og etter dette er det relativt sett små rørsler for dei som mista jobben i starten av pandemien.

Skilnadar i månader i arbeid


I snitt var dei som vart arbeidslause i den fyrste fasen av koronapandemien registrert som heilt tilbake i arbeid i 6,5 månader i løpet av det påfølgjande året. Dei aller fleste (84 prosent) hadde minst éin månad der dei var registrert som heilt tilbake i arbeid.

Det er store skilnader mellom yrkesgruppene. Dei utan kjend yrkesbakgrunn og personar med bakgrunn frå reiseliv og transport var i snitt kortast i arbeid, med eit snitt på 5,1 månader. 31 prosent av dei utan kjend yrkesbakgrunn hadde ingen månader der dei var heilt tilbake i arbeid, medan det same gjelder 23 prosent av dei med yrkesbakgrunn frå reiseliv og transport. I motsett ende er personar med bakgrunn frå helse, pleie og omsorg. Personar med denne yrkesbakgrunnen var i snitt registrert som heilt tilbake i arbeid

¹ Sidan me berre har eitt registreringstidspunkt i månaden kan enkelte ha andre statusar mellom to registreringstidspunkt.


² Sidan me kun registrerer status éin gong i månaden så er ikkje desse tala heilt nøyaktige. Dette gjennomsnittet inkluderer ikkje dei som ikkje kjem tilbake i arbeid i perioden me ser på.

Figur 3. Talet månader før arbeidssøkjjarar først vert registrert som heilt tilbake i arbeid. Månader etter fyrste månad som arbeidslaus. Personar som vart arbeidslause i mars/april 2020.



Kjelde: NAV

Figur 4. Registrert arbeidsmarknadsstatus fordelt på månad. Personar som vart arbeidslause i mars/april 2020.



Kjelde: NAV

i 7,4 måneder, medan 13 prosent hadde ingen måneder der dei var heilt tilbake i arbeid.

Det er nokre klare skilnader i utfall mellom dei som vart permittert i fyrste periode, og dei som vart ordinært arbeidslause. Dei som vart ordinært arbeidslause var i snitt heilt tilbake i arbeid i 5,4 måneder, medan dei permitterte i snitt hadde 6,8 måneder der dei var heilt tilbake i arbeid. Andelen som ikkje var heilt tilbake i arbeid i nokon månader var 27 prosent for dei ordinært arbeidslause og 13 prosent for dei som vart permittert.

Etter ein periode med nasjonale smittevernstiltak vart tiltaka etter kvart meir spissa regionalt mot områder med høgare smittepress. Dette førte til at det vart regionale skilnader i utfall.³ Personar frå Oslo hadde færrest månader i arbeid, med i snitt 5,7 månader i arbeid,


medan personar frå Møre og Romsdal hadde flest, med 7,2 månader i arbeid.

Personar med ukjent utdanningsbakgrunn og med grunnskule som høgaste påbegynte utdanning hadde klart færre månader med arbeid enn dei med fleire år med utdanning.⁴ Det er små skilnader mellom dei som har vidaregåande som høgste påbegynte utdanning, og dei som har lengre utdanning. Dette kan skuldast at ein del av dei som fekk kome raskt tilbake til arbeidet etter den fyrste nedstenginga, til dømes innan frisørnæringa, har vidaregåande som høgste utdanning.

Personar fødd i utlandet hadde færre månader i arbeid

Personar med andre fødeland enn Noreg hadde i snitt færre månader i arbeid, og hadde oftare ingen månader

Figur 5. Tal på månader i arbeid, fordelt på fylke. Gjennomsnitt. Personar som vart arbeidslause i mars/april 2020.




Kjelde: NAV

³ Om lag 2 200 personar frå «Øvrige områder» er inkludert i datasettet vårt over personar som vart arbeidslause i starten av pandemien. Dette består primært av personar busett på Svalbard, der personar med bakgrunn frå turismeavhengige yrker er overrepresentert blant dei som mista jobben. Dette er grunnen til at personar frå «Øvrige områder» kjem dårlegast ut her.

⁴ Utdanningsnivå er sjølvrapportert.

Figur 6. Tal på månader i arbeid, fordelt på høgste sjølvrapportert påbegynte utdanning. Gjennomsnitt. Personar som vart arbeidslause i mars/april 2020.



Kjelde: NAV

med arbeid i perioden me ser på. Personar fødd i Noreg hadde i snitt 6,9 månader i arbeid i løpet av det fyrste året etter at dei vart arbeidslause. Dette er klart fleire enn dei som er fødd i andre land. Personar fødd i andre vestlege land hadde i snitt nest flest månader i arbeid, med 5,8 månader. Personar fødd Asia og Afrika hadde i snitt færrest månader i arbeid, med høvesvis 5,1 og 4,6 månader i arbeid.

Det same mønsteret er tydeleg når me ser på del av populasjonen som ikkje var heilt tilbake i arbeid i nokon månader. Blant personar fødd i Noreg er det 13 prosent som ikkje var heilt tilbake i arbeid på noko tidspunkt i analyseperioden.⁵ I motsett ende var 31 prosent av personar fødd i Afrika, og 27 prosent av dei fødd i Asia ikkje heilt tilbake i arbeid i nokon månader. Dette kan skuldast at personar fødd i Afrika og Asia var overrepresentert i yrkesgrupper som vart hardt råka av smittevernstiltaka. Blant dei fødd i Afrika var det til dømes


spesielt mange arbeidslause som hadde yrkesbakgrunnane «bil- drosje- og varebilfører», og «reinholdarar i verksemder». Dette er yrker som var råka av tiltak gjennom mykje av analyseperioden.

Personar som før pandemien hadde låg inntekt hadde færre månader i arbeid enn dei som hadde høgare inntekt.⁶ Dei som ikkje var registrert med noko inntekt i 2019 hadde i snitt mindre enn tre månader med arbeid det påfølgjande året. Med unntak av dei utan inntekt hadde personar med inntekt under 400000 kr i snitt om lag 6 månader i arbeid. Gjennomsnittleg tal på månader i arbeid aukar med om lag éin månad mellom 400000 kroner og 600000 kroner, til 7 månader i arbeid i snitt. Flest månader i arbeid hadde dei som tente mellom 900000 kroner og 1 million kroner i 2019, med 7,6 månader, men dei utgjer ein relativt liten del av dei som vart arbeidslause i perioden.

⁵ I vårt datasett registrerer me berre status ein gong i månaden, så enkelte kan ha arbeid mellom to registreringstidspunkt.


⁶ Samla personinntekt i 2019, inkluderer i tillegg til lønnsinntekt også mellom anna trygdeinntekt.

Figur 7. Tal på månader i arbeid, fordelt på grupper av fødeland. Gjennomsnitt. Personar som vart arbeidslause i mars/april 2020.




Kjelde: NAV

Figur 8. Minst éin måned i arbeid, fordelt på grupper av fødeland. Del av dei som vart personar som vart arbeidslause i mars/april 2020.



Kjelde: NAV

Figur 9. Tal på månader i arbeid, fordelt på inntektsintervall. Samla personinntekt i 2019. Personar som vart arbeidslause i mars/april 2020.



Kjelde: NAV

Over ein fjerdedel var i arbeid hjå ein annan arbeidsgjevar⁷

Av dei som i minst éin månad var heilt eller delvis tilbake i arbeid i analyseperioden, var det 29 prosent som i minst éin månad var registrert med ein annan hovudarbeidsgjevar enn før dei mista jobben.⁸

Dei som vart ordinært arbeidslause bytta oftare arbeidsgjevar enn dei som vart permitterte. Blant dei som vart ordinært arbeidslause bytta 42 prosent arbeidsgjevar, medan det same gjeld 26 prosent av dei permitterte.⁹

Blant personar med yrkesbakgrunn frå barne- og ungdomsarbeid bytta litt over halvparten arbeidsgjevar, medan andelen som bytta arbeidsgjevar er lågast for dei med yrkesbakgrunn som leiar, med 19 prosent.

Delen som bytta hovudarbeidsgjevar minkar med alderen. I dei yngste aldersgruppene bytta halvparten hovudarbeidsgjevar, medan delen for dei mellom 50 og 59 år er 16 prosent, og berre 10 prosent for dei over 60.

Status etter eitt år

Etter eitt år var 67 prosent av dei som vart arbeidslause i den fyrste fasen av koronapandemien heilt tilbake i arbeid, men delen som var tilbake i arbeid varierer etter kva status dei hadde då dei fyrst vart arbeidslause.


Dei som vart permittert i starten av pandemien var i større grad tilbake i arbeid enn dei som vart ordinært

⁷ Me bruker her informasjon om hovudarbeidsgjevar. Somme har fleire arbeidsgjevarar, og kan veksle mellom kven som er hovudarbeidsgjevar i perioden.

⁸ Her tek me ut dei som ikkje er registrert med arbeid i nokon periode, og dei me ikkje veit om har bytta jobb grunna manglande informasjon om arbeidsgjevar.

⁹ Dei som ikkje byter jobb er a) registrert med arbeid i minst éin periode hjå same arbeidsgjevar som før dei mista jobben, og b) ikkje registrert med nokon andre arbeidsgjevarar i perioden.

Figur 10. Andel av dei som kjem tilbake i jobb som bytter hovudarbeidsgjevar, fordelt på yrkesbakgrunn. Personar som vart arbeidslause i mars/april 2020.



Kjelde: NAV

arbeidslause, og delen som var heilt tilbake i arbeid var størst blant dei som vart delvis permittert, med 74 prosent.

Blant dei som vart registrert som ordinært heilt arbeidslaus i starten av pandemien var berre 55 prosent tilbake i arbeid etter eitt år, medan 11 prosent framleis var registrert med same status. Ein femtedel var i kategorien «anna», som ofte inneberer overgang til utdanning eller pensjon.

Halvparten tilbake hjå same arbeidsgjevar

Totalt var det 77 prosent av dei som vart arbeidslause i starten av koronapandemien som etter eitt år var anten heilt eller delvis tilbake i arbeid.

Av dei som var heilt eller delvis tilbake i arbeid så var 77 prosent heilt eller delvis tilbake hjå den same arbeidsgjevaren som før dei vart arbeidslause, medan 23 prosent var registrert hjå ein annan arbeidsgjevar.

Delen som er registrert med ein annan arbeidsgjevar etter eitt år er altså lågare enn delen som i løpet av året er registrert med ein annan arbeidsgjevar i minst éin månad. Det skuldast mellom anna at enkelte går tilbake til opphavsleg arbeidsgjevar etter å ha vore registrert med ein annan arbeidsgjevar ein periode.¹⁰ I tillegg er populasjonen annleis, då ein her berre ser på dei som er tilbake i jobb etter nøyaktig eitt år, medan me tidlegare såg på dei som hadde minst éin månad i jobb i løpet av heile året.

Blant dei som vart permittert, og som eitt år seinare var heilt eller delvis tilbake i jobb, er 79 prosent registrert hjå same arbeidsgjevar etter eitt år som før dei vart arbeidslause, medan 21 prosent er registrert med


¹⁰ Ein person kan ha fleire arbeidsgjevarar, og sidan me berre ser på hovudarbeidsgjevar kan bytte av hovudarbeidsgjevar i enkelte tilfelle dreie seg om endring i arbeidstid mellom fleire arbeidsgjevarar, utan at ein avsluttar gamle arbeidsforhold eller startar nye.

Tabell 2. Arbeidsmarknadsstatus i fyrste periode som arbeidslaus, mot status etter eitt år. Personar som vart arbeidslause i mars/april 2020. Prosent og tal på personar.

		Status i fyrste arbeidsløyseperiode					Tiltak	Tal på personar	Andel
		Delvis arbeidslaus, permittert	Helt arbeidslaus, permittert	Delvis arbeidslaus	Heilt arbeidslaus				
Status etter eitt år	I arbeid	73,6	69,0	64,4	55,0	43,9	250 661	67,0	
	Delvis arbeidslaus, permittert	10,0	7,5	4,3	2,4	2,2	25 848	6,9	
	Heilt arbeidslaus, permittert	6,6	8,6	3,1	3,2	2,5	25 755	6,9	
	Delvis arbeidslaus	2,9	2,5	9,2	4,2	4,1	11 844	3,2	
	Heilt arbeidslaus	2,8	4,0	7,7	10,8	10,5	19 551	5,2	
	Tiltak	0,3	0,4	1,3	1,7	14,4	2 610	0,7	
	Nedsett arbeidsevne	0,1	0,3	0,7	2,5	14,5	2 662	0,7	
	Anna	3,7	7,7	9,3	20,2	7,9	34 916	9,3	
	Tal på personar	84 391	202 510	11 071	75 283	592	373 847		
	Andel	22,6	54,2	3,0	20,1	0,2			

Kjelde: NAV

Figur 11. Sankeydiagram over arbeidsmarknadsstatus i fyrste periode som arbeidslaus (venstre), og status etter eitt år (høgre). Personar som vart arbeidslause i mars/april 2020.



Kjelde: NAV

ein annan arbeidsgjevar. Blant dei som vart ordinært arbeidslause er talet 69 prosent. Sjølv om dette er lågare enn for dei som vart permittert er det likevel eit høgt tal.

Diskusjon

I dette notatet belyser me fleire aspekt ved situasjonen til dei som vart arbeidslause i starten av koronakrisa. Me viser at sjølv om dei fleste kom raskt tilbake i arbeid så var det enkelte grupper som hadde færre månader i arbeid enn andre, og at dei som i snitt hadde færrest månader i arbeid var dei med kort utdanning, låg inntekt, og som ikkje var fødd i Noreg. Dette skuldast at personar med desse kjenneteikna var overrepresentert i yrker som over tid var ramma av strenge smittevernstiltak. Dette stemmer godt overeins med funna i Bratsberg mfl. (2021), der dei ser på avtalt arbeidstid. Det at funna er konsistente på tvers av ulike mål på arbeidstilknytning styrker truverdet til funna.

Om lag ein sjettedel er ikkje registrert som heilt tilbake i arbeid i nokon månader i perioden me ser på. Blant dei som vart ordinært arbeidslause har litt over ein fjerdedel ingen månader der dei er registrert som heilt tilbake i arbeid. Også her er det ein tydeleg sosial gradient, og det er personar med dei same kjenneteikna som nemnt over som kjem dårlegast ut.

Me veit i dag lite om konsekvensane av langtidsarbeitslause under koronapandemien, men tidlegare forskning viser at lange periodar med arbeidsløyse har negative følgjer for den det gjelder. Til dømes finner Edin og Gustavsson (2008) at lange periodar med arbeidsløyse fører til erosjon ikkje berre i yrkesspesifikke ferdigheiter, men også i generelle evner. Dei som har hatt få eller ingen periodar i arbeid i løpet av koronakrisa kan bruke lengre tid på å komme tilbake i arbeidslivet, og kan ha behov for oppfølging.

Dei som vart ordinært arbeidslause i den fyrste arbeidsløyseperioden kom sjeldnare tilbake til same arbeidsgjevar enn dei som vart permittert, men det er likevel relativt mange ordinært heilt arbeidslause som går tilbake til same arbeidsgjevar. Allereie etter den fyrste månaden som arbeidslaus er 55 prosent av dei

ikkje-permitterte heilt eller delvis tilbake for same arbeidsgjevar. Det at ein så stor del av dei ordinært arbeidslause raskt kom tilbake til same arbeidsgjevar illustrerer uvisse mange bedrifter sto ovanfor i starten av pandemien.

Dei fleste som vart arbeidslause i starten av koronapandemien vart permittert heller enn ordinært arbeidslaus. Me veit frå tidlegare analyser (til dømes Gjerde mfl. (2021)) at dei aller fleste var raskt tilbake i arbeid etter dei vart arbeidslause, og det gjelder spesielt dei som vart permitterte. Men tiltaka mot spreinga av koronaviruset har, som viruset sjølv, gått i bølger. Enkelte bransjar og enkelte regionar opna og stengde fleire gonger i løpet av det fyrste pandemiåret. Likevel vart dei færreste i utvalet vårt permittert fleire gonger. Dette kan reflektere redusert uvisse i dei seinare bølgene, at økonomien tilpassa seg situasjonen, og kanskje at ein i enkelte bransjar valde å unngå å hente tilbake tilsette ved lokale gjenopningar i frykt for den økonomiske byrden ved ny nedstenging.

Andelen som er tilbake i arbeid etter eit år er større jo nærare tilknytning til arbeidslivet ein hadde i første periode som arbeidslaus. Dei permitterte kom i større grad tilbake i arbeid enn dei som vart ordinært arbeidslause. Dette er som venta, ettersom arbeidsgjevar viser ein intensjon om å hente arbeidstakarane tilbake ved å velje permittering framfor oppseiing. Valet mellom oppseiing og permisjon kan reflektere både korleis arbeidsgjevaren vurderer dei umiddelbare utsiktene til næringa eller føretaket, og kor viktig det er for arbeidsgjevaren å behalde kompetansen til ein gitt arbeidstakar. Begge deler trekker i retning av at dei permitterte vil ha meir positive utfall enn dei som vart ordinært arbeidslause.

Litteraturliste

Bratsberg, Bernt, Gaute Eielsen, Simen Markussen, Oddbjørn Raaum, Knut Røed og Trond Vigtel (2020). «Koronakrisens fyrste uker – hvem tok støyten i arbeidslivet?». Samfunnsøkonomen 2/34 (41–51).

Bratsberg, Bernt, Simen Markussen, Oddbjørn Raaum, Knut Røed og Annette Alstadsæter (2021). «Syssestingsutviklingen 2020». Lysarkserie publi-

sert på Frischsenteret sin hjemmeside. Lenke: https://www.frisch.uio.no/om-oss/Nyheter/pdf/2021/Raaum_m_fler_sysselsettingsutviklingen2020_korona5_2021.pdf

Edin, Per-Anders og Magnus Gustavsson (2008). «Time out of Work and Skill Depreciation». *Industrial and Labor Relations Review*, vol. 61, No. 2.

Furuberg, Jorunn (2021) «Kven vart arbeidslause i den fyrste bølga av koronakrisa og korleis har det gått med dei?». *Arbeid og velferd*, 2/2021.

Gjerde, Audun, Kristian Harald Myklathun og Johannes Sørbø (2021) «Typiske løpebaner for dei arbeidslause under fyrste del av koronakrisa». *Arbeid og velferd*, 3/2021. Planlagt publisert 22. november 2021.

UTGIVER
Arbeids- og velferdsdirektoratet
Postboks 5
St. Olavs plass
0130 Oslo

LAYOUT: 07 Media AS
ISBN: 978-82-551-2523-5
ISSN: 2703-8823

